

# Budsjett 2024

## Dagens situasjon

Austrheim Sokn får hovuddelen av si inntekt frå kommunen. Dette følgjer av reglane i trussamfunnslova og gravplassova. Soknet sine andre inntektskjelder er elles eit årleg tilskot til trusopplæring frå staten, gjevarteneste, offer til kyrkjelydsarbeidet, festeavgifter, ulike andre gebyr og diverse refusjonar. Lønsutgifter til prestetenesta vert finansiert av statlege midlar. Oversikta på stillingar ved kyrkjekontoret er dei som er tilsett av soknet (fellesrådet). Prestestillinga, som vi deler med Fedje sokn, kjem i tillegg.

Austrheim sokn og kyrkjekontoret er gravplassmyndigheit, som er ei teneste vi yter for **alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av medlemskap i kyrkja**. Gravplassane er soknet sin eigedom (Gravplasslova § 1) og får dekt sine driftsutgifter av kommunen på bakgrunn av budsjettframlegg frå soknet (Gravplasslova § 3). Gravplassmedarbeidarane er tilsett i soknet/fellesrådet.

### Drift:

I 2022 gjekk vi ut med eit meirforbruk/ underskot på drifta (kr 68.188). Hadde vi ikkje fått ei kommunal ekstraløyving på 300 000 kroner i samband med budsjettet for 2023, hadde resultatet blitt riktig ille. Underskotet har blitt dekkja inn frå soknet sitt disposisjonsfond. I 2021 var underskotet i drifta på kr 224.195. Grunnen til dette har vore økonomisk tilstramming frå kommunen si side, der det over tid ikkje ville ha vore mogeleg å oppretthalda soknet si bemanning på dagens nivå. At vi likevel har fått eit mindre underskot i 2022, skuldast den generelle pris og lønsveksten.

Kommunen gav før 2023 soknet melding om at dei ikkje kunne yta oss tenester til rekneskap og løn. Dette førte til at vi fekk ei påplussing av den økonomiske ramma, for å kunna finansiera denne tenesta av ein ekstern aktør. Vi kjøper no tenester av Aider, som også har kyrkjerekneskap for dei fleste sokna i prostiet og i Kyrkja Den Norske som såleis. Det vart også lagt inn 100 000 kr ekstra i ramma for å ha midlar til å refundera kremasjonsavgifta for pårørande som vel kremering framfor kistegrav. Soknet har praktisert dette nokre år allereie og erfarer at det har skjedd ein markant auke av kremeringar. I 2022 var til dømes 50% av alle gravleggingar, i form av urnenedsetjingar. At soknet dekkjer kremasjonsavgifta er ein medvirkande faktor til at vi har fått til denne utviklinga. Om vi kan halda fram på same måten, vil utviding av gravplassen på Austrheim kunna utsetjast lenge og kanskje avlysast. Det soknet betalar her fører i neste omgang til at ein sparar millionar av kroner, om ein kan unngå ei slik utviding.

Driftsbehovet for 2024 vert gjort greie for på slutten av dette dokumentet.

## **Oversikt kommunalt rammetilskot 2017 – 2024:**

Årstal	<i>Drift</i>	<i>Investering</i>
2017	3.560.000	650.000
2018	3.670.000	400.000
2019	3.375.000	700.000
2020	2.875.000	700.000
2021	2.875.000	200.000
2022	3.175.000	200.000
2023	3.570.000	200.000
2024	?	?

## **Oversikt stillingsprosentar kyrkjekontoret 2019 – 2023 (tilsette i fellesrådet)**

Årstal	Stillingsprosentar
2019	384
2020	377
2021	384
2022	384
2023	384

Soknet har kyrkjegardsarbeidarane innanfor våre stillingsprosentar. (Kyrkjegardsarbeidar 2 tilsett i 9% stilling – og frå og med september i år tilsett på timebasis på pensjonistløn). Kommunen refunderer 15% av løna til kyrkjegardsarbeidar ( som har 100% stilling). I tillegg til slått og stell av gravplassane utfører han også det samme for dei kommunale areala utanfor gravplassen på Austrheim, kyrkjelydshuset og utanfor kolereagravplassen. Han er også disponibel for kommunen i vinterhalvåret. 30% trusopplærarstilling i soknet (konfirmantansvarleg) vert i praksis lønna av eigne midlar, via trusopplæringstilskotet og gjevartenesta. (Kommunen har likevel eit ansvar i forhold til lovverket for at soknet har tilstrekkeleg midlar til trusopplæring).

Soknet si bemanning er nøktern og ligg i forhold til SSB sin statistikk på fellesrådstilsette pr 1000 innbyggjarar ligg på gjennomsnittet (og helst litt under) samanlikna med andre kommunar av tilsvarande storleik. Austrheim sokn har 1,38 fellesrådstilsett pr 1000 innbyggjar. Av kommunar i nærleiken så har Masfjorden 1,84 tilsett pr 1000 innbyggjarar og Gulen har 1,35 – men her har ikkje Gulen sokn tilsett eigen kyrkjegardsarbeidar. Ein vesentleg forutsetning for å måla ein slik bemanningsfaktor er om fellesrådet har eigne tilsette på gravplassane eller om dette er tenester som er sett ut til andre. Er det siste tilfelle, så vert bemanningsfaktoren mindre og ein har færre tilsette. (Denne faktoren må vera med for at samanlikninga skal vera reell). Sjølv om ein ikkje skulle hatt eigne tilsette på gravplassane, vil likevel utgiftene bli omtrent dei same, sidan gravplassmyndigheita (og dermed kommunen) må betala andre for å få utført dei same tenestene.

Elles gjeld det her som elles, at bemanningsfaktoren vert mindre der folketallet er større. Difor bør samanlikniga gjelda sokn i kommunar av nokonlunde lik storleik.

# Økonomiplanperioden 2024 – 2027

## Målsetjingar og planarbeid:

Soknerådet har i heile 2022 og til vedtak vart fatta i mai 2023, arbeidd prosessretta med eigne mål og satsingsområde. Ein har landa på følgjande overordna målsetjing:

*Vera ei kyrkje som tek vare på menneske,  
skaper fellesskap og gjev plass til dei store spørsmåla*

Soknerådet landa vidare på å dela aktiviteten sin opp i 3 ulike satsingsområde: Dette er tiltak utover det friviljuge arbeidet som allereie har vore der i mange år.

1: *Tiltak barn og unge 0 -25 år:*

- Etablere knøttekor
- Arrangere treffstader for barn og besteforeldre

2: *Diakoni:*

- Føre vidare og utvikle bygdatreffet
- Temakvelder med kveldsmat

3: *Song og musikk:*

- Arrangere salmekvelder, allsongtreff og gospelkveld.
- Meir samarbeid med kulturskulen/songlag/seniorkor og liknande.

Silje Hoaas har hjelpt oss i denne prosessen. Soknerådet har velt ein realistisk innfallsvinkel. Nye tiltak skal vera gjennomførbare og utførast med minst mogleg innverknad frå staben.

Soknet skal elles ha eit tilbod om **trusopplæring** for alle i aldersgruppa 0 – 18 år. Denne satsinga følgjer ein lokal trusopplæringsplan, som byggjer på den nasjonale trusopplæringsplanen. Konfirmasjonstida er ein viktig del av denne planen. Konfirmasjonen står sterkt i Austrheim og over 75% av årskullet vel kyrkjeleg konfirmasjon. Dette konfirmantåret er spesielt, då 100% av kullet har meldt seg på konfirmantundervisninga. Av andre tiltak i denne planen kan nemnast; dåpssamtalen, utdeling av bøker og biblar til særskilte alderstrinn, tårnagentar, lys vaken, leir, leiartrening, barnehelga mm. Vi har ei trusopplærarstilling som har hovudansvaret for konfirmantundervisninga og som tidlegare nemnt vert finansiert av eigne midlar. Kyrkjelydspedagog (som har ei kombinasjonsstilling som kyrkjemusikar og administrativ medarbeidar) er ansvarleg for å drifta dei øvrige tiltaka, ilag med friviljuge.

Vi har ei aktiv gruppe av friviljuge innanfor **diakonien**, som besøker eldre over 80 år med ei helsing frå kyrkjelyden. Dette gjeld også foreldre som har mista eit barn eller gjenlevande ektefelle etter dødsfall, Gruppa arrangerer også to eldrefestar i året. Gruppa av friviljuge er medarrangørar for gudstenestetilbodet som er lagt til rette for menneske med utviklingshemming. Det har vore ønskjeleg med ein **diakoniplan**. Dette har vi ikkje hatt

kapasitet til å prioritera endå. Kyrkjerådet ønskjer no at sokna skal arbeida med **heilskaplege kyrkjelydsplanar**. Slik innretninga på denne ser ut til å bli, vil dette bli eit verktøy som er enklare i oppbygginga og lettare å få på plass. **Kyrkjemusikken** vil også bli ein del av ein slik heilskapleg plan. Bispedømerådet har signalisert at dei vil bistå sokna med dette arbeidet og det kjem sannsynlegvis i gang i 2024.

Den tidlegare nemnte **verneplanen** for gravminner som skal fredast vart godkjent i 2023. Den vert no oversendt kommunen og fylkeskommunen til vitande. Det skal no lagast avtalar med festarar som har gravminner som skal fredast. Her vil ein kunna laga avtalar på eventuell ansvarsdeling mellom soknet og festarar om vedlikehaldet og at dei aktuelle gravminnene vert overdratt til soknet. Festarar som har hatt ansvar for gravminner som vert freda, vert fritatt frå å betala festeavgift. Andre graver, som manglar festar men som likevel skal fredast, vert soknet sitt ansvar å halda vedlike.

I verneplanen har ein også lagt føringar på kvar på gravplassen (Austrheim gravplass) ein bør anlegga ein namna minnelund.

### **Ny tenesteytingsavtale:**

Det er no inngått ny og revidert tenesteytingsavtale mellom Austrheim Sokn og Austrheim kommune. Nytt er at løn, rekneskap og fakturering vert utført av Aider og ikkje kommunen. Dette har i seg sjølv ført til ein auke i det kommunale rammetilskotet.

Den tidlegare bebuda kontorflyttinga er lagt på is inntil vidare og soknet har fått ein leigeavtale på tilsvarande vis som før, i 5 nye år. Av denne årsak er det også etablert eit nytt husstyre, som allereie har tatt tak når det gjeld utføring av vedlikehaldsoppgåver på dugnad. Dette har skjedd i tett samarbeid med kommunen, som er huseigar.

### **Digitalisering og annan effektivisering:**

Det går seg til når det gjeld rutinane mellom soknet og Aider. I avtalen mellom Aider og soknet ligg det i tillegg til føring av årsrekneskapen også inne tertialvis rapportering. Det er mange nye rutinar for kontering, fakturering og godkjenningar. Den store effektiviseringa i forhold til tidsbruken skjedde på eit tidlegare stadie, då kommunen og soknet fekk til elektronisk kontering og godkjenning av all fakturering. Overgangen til Aider har ikkje ført til innsparing av denne tidsbruken, berre eit sett med heilt nye rutinar. Dette vil ta den tida det tar.

Soknet er på Kirkepartner sin dataplattform. Den inneheld også det elektroniske arkivsystemet public 360, som vi er begynt å ta i bruk.

# Behov for 2024

## Drift 2024:

- Meirforbruket på drifta for 2022, vart som nemnt på 68.188. At vi hadde eit meirforbruk, trass ei påplussing på 300 000 kr i forhold til det opprinnelege framlegget frå administrasjonen, skuldast blant anna den generelle lønsauken (inkludert høgare pensjonsutgifter) og ein markant auke i straum og drivstoffutgifter.
- Denne hausten er straumprisane låge i forhold til i fjor. Men med fjorårets erfaringar friskt i minne, ser vi at dette er kostnader som kjem til å svinga mykje og i langt større grad enn det vi er vane med. Soknet har uansett inngått ein straumavtale med KNIF (Kristennorges innkjøpsfellesskap som har avtale med Fjordkraft), som i fjor førte til ein reduksjon av straumprisen på ca 25% av det den elles ville ha kosta. Straumavtalen er ein spotprisavtale med sikring.
- Soknet fekk i 2023 ein uventa høg reguleringspremie på pensjonsutgiftene. Rekninga kom på om lag 300 000 kroner og var ikkje med i budsjettet. Vi prøver å redusera trykket av denne ekstrakostnaden ved å betala fortløpande krav på pensjonsutgifter frå premiefondet, både no i haust og første kvartal neste år. Uansett vil denne ekstra kostnaden påverka driftsresultatet for 2023.
- Kommunen plussa på ramma for 2023 med 100 000 kroner for å sikra at soknet kunne refundera kremasjonsavgifta for innbyggjarar i kommunen som vel bisetjing/kremasjon framfor kistegravlegging. Soknet har praktisert denne ordninga i nokre år allereie. Effekten av dette slo ut for fullt i 2022, der 50% av alle 36 gravleggingane vi hadde, skjedde i form av urnenedsetjing. Denne utviklinga er gledeleg og vil med tilsvarende frekvens framover, føra til at utvidinga av Austrheim gravplass kan utsetjast med mange år (og kanskje avlysast). Dette vil innebera innsparingar på fleire millionar kroner. (Urner er betydeleg mindre arealkrevjande enn kistegraver). Austrheim sokn er einaste soknet i prostiet som praktiserer slik refusjonsbetaling og det har begynt å rykta seg.
- Kostnadane ved å bruka eit eksternt firma for løn, fakturering og rekneskap vil i 2023 overstiga 200 000 kroner med god margin. Om lag 50 000 kroner av dette har kommunen dekkja, sidan dette var ein etableringskostnad som var ei eingongsbetaling.
- Lønssoppgjering for inneverande år vart betydeleg høgare enn vanleg og enda opp med ein generell auke i lønnsramma på 5,4 %. Den generelle prisveksten har også vore langt høgare enn vanleg og er pr august 2023 berekna til 4,8 %.
- Renteauken er merkbar, noko som også gir seg utslag i soknet sine lån. Soknet har 2 lån i kommunalbanken som ved inngangen til 2023 var på 3.060.000. Vi har eitt lån på 460.000, som gjeld nye kyrkjevindauger, som vart tatt opp før 150 års jubileet. Det andre lånet gjeld utviding av gravplassen på Leirvågen, som vart tatt opp i 2012. Rekneskapen for 2022 synte renteutgifter på 68000 kroner. Desse er i det komande budsjettet stipulert til å utgjera 110 000 kroner. Soknet betalar faste avdrag på 240 000 i året.

***Soknet tilrår eit rammetilskot for drifta i 2024 med kr 4.120.000 noko som er 550 000 kr meir enn ramma for 2023. Budsjettet for 2024 er nøkternt vurdert. Grunnen til behovet for ein auke av driftsramma, gjeld i tillegg til at vi fekk eit underskot frå året før, den genrelle løns og prisveksten, samt renteauken på lån.***

## **Investering:**

Kommunen har dei siste åra lagt seg på eit årleg tilskot til investering på 200.000 kroner.

Soknet har behov for meir investeringsmidlar i 2024 og 2025. Dette er grunngeve her:

- **(Gjenoppbygging av defektar på gråsteinsmuren på kolerakyrkjegarden)**  
Reperasjonen vart gjort ferdig før jul i 2022. Haakon Aase og Jan Hopland gav pris på arbeidet. Haakon Aase hadde laga ein behovsanalyse på førehand og denne vart brukt som grunnlag for arbeidet som vart utført. Jan Hopland vann anbodet, sidan han prismessig var den rimelegaste. Grunnen til dette skuldast at dei ville bruka ulike metodar på reparasjonsarbeidet. Måten Jan Hopland løyste dette på var for oss fullt ut tilfredsstillande og det til ein kostnad som var under det vi budsjetterte!!
- **Etablering av areal til freda gravminner på Austrheim gravplass.** Dette er eit tiltak vi har skubba på. Kostnaden her vil vera etablering av utstillingsrekke av jernplater som skal bli tatt vare på. Vi har også nokre jernplater liggjande som har stått på koleragravplassen og som skal setjast opp igjen der. Det er mogeleg dette kan vurderast som driftskostnader om kostnaden vert låg nok. Nokre få gravminner som skal vernast, kan bli flytta her til, om arealet inn mot dette feltet skal bli brukt til ein namna minnelund. Det kan vera aktuelt å dekkja denne kostnaden over driftsbudsjettet.
- **Ny varmeløysing i kyrkja (fasa ut ESWA anlegget).** Grunngjeving: Anlegget var etablert i 1987 og har normalt ei levetid på ca 30 år. Anlegget har dermed bikka 35 år og er mogen for utskifting. Mest aktuell varmeløysing synest å vera luft til luft varmpumper. Vi har no fått på plass ein energianalyse, som vi brukte om lag 40 000

kroner på. Denne ligg til grunn for søknad som skal sendast til Bjørgvin Biskop om godkjenning. Det vert sendt ein søknad om godkjenning i løpet av hausten.

- **Etablering av namna minnelund på Austrheim gravplass.** Vi har hatt synfaring med ein landskapsarkitekt frå Akasia, for å vurdere plassering av ein namna minnelund på Austrheim gravplass. Soknerådet har i samband med godkjenning av verneplanen vore tydeleg på at felt 11 ikkje må brukast til formålet, all den tid vi har bruk for det arealet vi har tilgjengeleg til kistegraver. Ein namna minnelund må såleis leggjast til eit areal som allereie har vore i bruk og som med forholdsvis små grep kan omgjerast til formålet. Det kan vera 2 moglege areal som vil kunna eigna seg til dette. Det hastar litt å koma i gang med dette arbeidet, så det er ønskeleg at dette kan prosjekterast ferdig i 2024. Erfaringar frå andre stader i landet syner at dette etter alt å døma vil utvikla seg til å bli den nye normalen. Kostnaden med å etablere ein namna minnelund er marginal i forhold til å unngå kostnaden med å utvida gravplassen på Austrheim.

Ein namna minnelund har eitt felles gravminne, der namneplate på avdøde vert montert på dette. Det felles gravminnet vert stelt av gravplassmyndigheita.

- **(Gjenkjøp av minigravar.** Vi kjøpte minigravaren vi før leigde av kommunen for 150 000 kroner i 2023. I den nye tenesteytingsavtalen går det vidare fram at vi kan leiga traktor med førar av kommunen etter medgåtte timar. Og at vi andre vegen tek oss betalt for tilsvarandee utleige av minigravaren og minidumparen, når dette vert brukt av kommunen).
- **Investeringar på kyrkjelydshuset:** Ein del kan skaffast i samarbeid med andre som brukar huset. Vi har også fått på plass eit husstyre, som har vore aktive og organisert dugnad på huset i 2023, i samråd med avdeling for tekniske tenester. Av større ting det vil vera behov for i nær framtid er ny oppvaskemaskin og behov for etterisolering i taket mellom kontora/møteromma og loftet. Kommunen har også laga ei liste på det ytre vedlikehaldet, blant anna med utskifting av vindauger.
- **Ny rider (minitraktor med grasklippar) til gravplassane.** Grunngjeving: Kyrkjegardsarbeidar vekslar på å bruka to riderar på gravplassane. Den nyaste vi investerte i er no 4 år gamal og den eldste er ca 12 år gamal. Vi har desse maskinene i 2 storleikar, då den minste vert brukt på Leirvågen, for å koma til mellom gravene der. Når ein har sommarhjelp kan begge vera i bruk samstundes. Det er også behov for backup om den eine maskina må inn på reoperasjon i løpet av slåttesesongen. Vi er nøye med vedlikehaldet og ser for oss at denne kostnaden er moglege å skubba noko lengre fram i tid.

## Plan for investeringane:

Tiltak	2022	2023	2024	2025	2026
Reperasjon av gråsteinsmuren rundt kolera-gravplassen	<del>100.000</del> 190 000				
Etablering av felt med verna gravminner på Austrheim gravplass	<del>50.000</del>	<del>50.000</del>	Ta dette over driftsbudssj		
Prosjektering av namna minnelund Austrheim gravplass. Etablering i 2025, inkl SOSY registrering av gravene i feltet.			150 000	400 000	
Eventuelt gjenkjøp av minigravar (frå kommunen). Til bruk på gravplassane		<del>135000</del> 150 000			
Ny varmeløysing i kyrkja – luft til luft varmpumper, Godkjenningsprosedyrar, pumpehus osv. Fjernstyring av varme		<del>200.000</del> 40 000	200 000		
Ny rider gravplass					180.000
Mogeleg investeringar på kyrkjelydshuset				100 000	

***Soknet har behov for ein auke i investeringsramma. Vi ønskjer ei ramme for investeringar på 350 000 kroner. Det er behov for ein fortgang i planane om ein namna minnelund på Austrheim gravplass, samt at det hastar med å få på plass ei ny varmeløysing i kyrkja.***